




ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESRÅDMANNEN

Regionalutviklingsavdelingen



Kultur- og kirkedepartementet
Pb 8030 Dep

0030 OSLO

26.01.2007

Deres ref.:
2006/00936 KU/KU3 KSR

Saksbehandler: Kirsti Sandved
Direkte innvalg: 51516827

Saksnr. 06/1815-4
Løpenr. 2951/07
Arkivnr. C01 &34


**SVAR - DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN - EVALUERING
HØYRING**


Vi viser til brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 09.11.2006, der de sender evalueringsrapporten frå NIFU STEP om Den kulturelle skulesekken ut til høyring.

Fylkesutvalet i Rogaland behandla i møte 23. januar 2007 evalueringsrapporten i sak 15/07 og gjorde samrøystes dette vedtaket:

1. Rogaland fylkeskommune meiner at Den kulturelle skulesekken skal vidareutviklast i samarbeid med kommunar, kulturinstitusjonar og statlege organ.
2. Rogaland fylkeskommune meiner at Den kulturelle skulesekken er ei kunst- og kulturordning som skal administrerast frå fylkesnivå.
3. Rogaland fylkeskommune meiner at kommunar som disponerer heile beløpet skal rapportera til fylkeskommunen, på lik line med dei andre kommunane, så sant denne ordninga skal halda fram.
4. Rogaland fylkeskommune ber om at ressursen til turnelegging av Rikskonsertane vert overført til fylkeskommunen.

Med helsing
Kulturseksjonen


Egon Harald Grude
kultursjef


Kirsti Sandved
rådgjevar

Vedlegg: Saksprotokoll, sak 15/07, Fylkesutvalet i Rogaland
Saksutgreiing, sak 15/07

POSTADRESSE
Sentrum Postboks 130
4001 Stavanger

BESØKSADRESSE
Arkitekt Eckhoffsgt. 1
4010 Stavanger

TELEFON
51 51 66 00

TELEFAKS
51 51 68 90

BANKGIRO: 3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT: www.rogaland.no



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Saksprotokoll

Utvalg: Fylkesutvalget
Møtedato: 23.01.2007
Sak: 15/07

Resultat: Innstilling enst. vedtatt

Arkivsak: 06/1815
Tittel: **SAKSPROTOKOLL: DEN KULTURELLE SKULESEKKEN -
EVALUERING. HØYRINGSUTTALE**

Behandling:
Votering:

Innstillingen tiltres enstemmig.

Vedtak:

1. Rogaland fylkeskommune meiner at Den kulturelle skulesekken skal vidareutviklast i samarbeid med kommunar, kulturinstitusjonar og statlege organ.
2. Rogaland fylkeskommune meiner at Den kulturelle skulesekken er ei kunst- og kulturordning som skal administrerast frå fylkesnivå.
3. Rogaland fylkeskommune meiner at kommunar som disponerer heile beløpet skal rapportera til fylkeskommunen, på lik line med dei andre kommunane, så sant denne ordninga skal halda fram.
4. Rogaland fylkeskommune ber om at ressursen til turnelegging av Rikskonsertane vert overført til fylkeskommunen.

Saksutredning:

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN - EVALUERING HØYRINGSUTTALE

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg: Jorunn Spord Borgen og Synnøve S. Brandt: Ekstraordinært eller selvfølgelig.
Evaluering av Den kulturelle skulesekken i grunnsulen

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Bakgrunn

I samband med behandlinga av St. meld nr 38 (2002 – 2003) Den kulturelle skulesekken, vedtok Stortinget at ordninga skulle evaluerast i løpet av våren 2006. I brev av 9. november 2006 vart evalueringsrapporten sendt ut til høyring med frist 1. februar 2007.

Fylkesrådmannen har valt å presentera og kommentera nokre av hovudkonklusjonane frå rapporten, og å leggja fram våre synspunkt på korleis Den kulturelle skulesekken kan vidareutviklast og forbetrast.

Hovudinstrykket frå evalueringa, slik det går fram av pressemeldinga frå Kyrkje- og kulturdepartementet, er at *Den kulturelle skulesekken er et populært og godt forankret tiltak i skolen og er etablert over hele landet ... ifølge rapporten har man så langt gjort mange positive erfaringer som kan videreføres.*

Det er og fylkesrådmannen sitt inntrykk av Den kulturelle skulesekken. Evalueringsrapporten set fokus på ei rekkje område der det kan gjerast forbetringar, men har lite konkrete konklusjonar og framlegg.

Samspel mellom skule og kultur

Rapporten har mykje fokus på prinsipiell usemje mellom skule og kultur, konkretisert som arenamakt kontra pengemakt. Dette byggjer på det faktum at det er på skulens arena at elevane møter kunsten, medan det er kulturavdelingane i fylkeskommunane som har ansvaret for disponering av pengane.

Fylkesrådmannen opplever at denne konflikten delvis er oppkonstruert, at han er i teoris form, delvis at han ligg på eit "høgare" – det vil seia statleg nivå. Fylkesrådmannen opplever at skulane ønskjer DKS velkomen, og tilbakemeldingane går stort sett på at elevar og lærarar har hatt gode og viktige opplevingar. Fylkesrådmannen opplever vidare at kommunane ser det konkrete samarbeidet om DKS mellom skule, kulturavdeling, kulturskule, bibliotek og td muse som utviklande og nyttig, og at DKS på den måten er med på å fremja tverrfagleg samarbeid.

Trass i at rapporten stadig vender tilbake til denne "konflikten", står det i samandraget:

Samlet sett er vårt inntrykk at spenningen mellom kultur og skole er størst mellom statlige aktører. Vi har sett lite av denne spenningen blant de informantene vi har møtt på lokalt nivå.

Arbeidsdeling fylke/region – kommune/skule

Det går fram av evalueringsrapporten at mange av forbedringspunktene ligg i samspelet mellom fylkeskommune og kommune, mellom kommune og skule og innad i skulane.

Det er etter fylkesrådmannen si meining viktig med eit aktivt samspel mellom alle desse aktørane/nivåa. I staden for å sjå dette som problematisk, ser fylkesrådmannen det som heilt naudsynt for utviklinga. Utvikling går som kjent føre seg der det er ulike kompetansar, interesser og erfaringar som møtast, ikkje der alle kan det same og er samde i utgangspunktet.

Fylkeskommunen har brei kompetanse på dei ulike kunststartane, på turnelegging og produksjon og har nettverk på nasjonalt nivå. Skulane har sin kompetanse i pedagogikk, læreplanar og den totale læresituasjonen, og denne kunnskapen må samlast, ikkje splittast. Det er lett å prioritera det ein sjølv kan mest om. Det viser seg heilt ned i den enkelte produksjon, der skular er mest interesserte i å få meir av kunststartar dei sjølv har mest kompetanse i.

Evalueringsrapporten tek ikkje for seg dei kommunane som sjølv disponerer 100% av midlane – for Rogaland sitt vedkomande gjeld dette i dag Karmøy. Årsaka til dette er at prøveperioden for desse kommunane var i startfasen.

I dag rapporterer desse kommunane direkte inn til sekretariatet i ABM-utvikling, medan det er fylkekommunen som tildeler pengane. Karmøy deltek på line med dei andre kommunane i faglege nettverk om DKS.

Rapporten peikar og på at det er for lite samhandling mellom fylkes- og kommunenivå: *Det er vanskelig å få øye på tilbakekoplingen mellom nivåene, for eksempel at planene fra kommunene har en funksjon i forhold til fylkeskommunens utvikling av sitt DKS-tilbud.* Det går og fram at det er dårleg kommunikasjon mellom fylke og kommune, og at lærarar og skular i liten grad vert inviterte til dialog.

Administrasjon

Det går fram både frå intensjonane i Stortingsmeldingane og evalueringsrapporten at det må vera lite administrasjon med DKS, og at pengane må gå direkte til tiltaka.

Dette er i utgangspunktet bra, for fylkesrådmannen ser at mykje pengar kunne gått til administrasjon viss det var høve til det. Samstundes må også kultur administrerast. På fylkesnivå må turneane organiserast, produksjonane produserast og samarbeidet med skulane styrkast.

Det er uttrykt ei viss frykt for at fylkesnivået "et av sekken", men spelemidlane som vert fordelte til fylkeskommunane og vidare til kommunane vert ikkje brukte til administrasjon.

Midlane til administrasjon vert løyvde gjennom fylkesbudsjettet i Rogaland. Dette forpliktar fylkeskommunen til å følgja opp satsinga.

Det går fram av evalueringsrapporten at det ikkje er noko felles dataverktøy for Den kulturelle skulesekken. Nokre fylke brukar KSYS, mellom dei Rogaland, og det er peika på at sekretariatet, styringsgruppa og referansegruppa burde sjå på korleis ein best kan løysa behovet for dataverktøy.

Fylkeskommunane peiker i rapporten på at det sentrale sekretariatet i for liten grad utfører oppgåver som kunne effektivisert administrasjonen av Den kulturelle skulesekken. Det er snakk om fellesløysingar som datasystem, transportpriser, kontraktsmalar, tariff- og Tonoavtalar og opplæringsløysingar for lærarar og kunstnarar. I dag vert dette utvikla av kvart fylke og i ytterste konsekvens i kvar kommune.

Rikskonsertane

Det er ei viss misnøye med at utdanningsavdelinga hos fylkesmannen legg turneane for Rikskonsertane, medan fylkeskommunen produserer den delen av konsertane som vert produserte i fylka. Det går fram av rapporten at denne oppgåva er overført til fylkeskommunen i nokre fylke, og at det er ulike synspunkt på korleis dette bør gjerast. Det viser seg at informasjonen om konsertane ikkje alltid er god nok og at turneane kunne samordnast betre.

Dialogiske eller monologiske formidlingsformer

Evalueringsrapporten diskuterer såkalla monologiske og dialogiske formidlingsformer, der dei vert framstilte som to ulike formidlingsformer, og der den dialogiske har mest for seg. Fylkesrådmannen opplever dette skillet som kunstig, og begrepa heller som to teoretiske ytterpunkt på ein skala. I dei fleste formidlingssituasjonane er det element av begge delar, nokre med større grad av elevmedverking enn andre, som td verkstader kontra konsertar.

Frå skulane si side er det gjennomgåande ønskje om alle typar av formidling.

Gjennomføring i skulane

Evalueringsrapporten set eit kritisk lys på korleis turneane vert mottekne i skulane. Her er døme på at elevane ikkje visste kva som skulle skje, at lærarane melde seg ut når kunstnarar kom på besøk, og at det liten grad vert gjort for- og etterarbeid som del av formidlinga. Det er heller ikkje alle skulane som har arrangørkompetanse.

Av dei fire skulane som er nytta som grunnlagsmateriale i rapporten, er likevel det positive i sterk overvekt. Det vert gitt døme på korleis lærarane gjennom formøte med kunstnarane vert involverte og sjølv får auka kompetanse og korleis dei brukar konsertar, verkstader og muesumsbesøk i skulekvardagen.

Fylkesrådmannen ser og at det er stor skilnad på kommunar og skular når det gjeld DKS.

Fylkesrådmannens vurderingar om vidareutvikling og styrking

Det vert i rapporten peika på fleire område som kan forbeistrast, utan at desse vert konkretiserte. Dei handlar stort sett om aministrative tiltak som

- Å utvikla samarbeidsformer på "høgare" nivå/rollefordeling
- Å gjennomgå DKS-systemet med tanke på forenkling og tydeleggjering
- Å gjennomgå styringsliner og organ på fylkesnivå
- Å avklara skulen si rolle

Rapporten konkluderer likevel med at han ikkje kan uttale seg om kva for løysingar som er best, men at dette må diskuterast.

Det er vesentleg at DKS held fram som eit fruktbart samarbeid mellom skule og kultur. I staden for å tenkja at dette skal vera eit reint skuletiltak, meiner fylkesrådmannen at ein må styrka samarbeidet på alle nivå. Det er ikkje i skulane si interesse at DKS vert eit reint skuletiltak – dei treng å få tilført kulturell kompetanse.

Fylkesrådmannen meiner vidare at kompetansebygging innan alle ledd er vesentleg både for samarbeidet og for kvaliteten av kunst og kultur i skulen. Det gjeld både styrking av kompetansen av estetiske fag i skulen i form av vidare- og etterutdannng og ved tilsetting av lærarar, at estetiske fag blir høgare prioritert i allmennlærerutdanninga og gjennom generell kulturell kompetanse i kommunane. Det er og behov for strukturell styrking av kultur i kommunar og skular td gjennom tidressurs for kommunekontaktar og kulturkontaktar i DKS-systemet.

Kunstnarane på si side vil ha behov for auka kompetanse i år formidla for barn og å tilpassa formidlinga til skulekvardagen.

Fylkesrådmannen meiner at fylkesnivået må styrkast for å vidareføra den høge kvaliteten – som skal vera på nasjonalt nivå. Styrking kan skje på fleire måtar, ved å ha nok tilsette, ved å ha nok og variert kompetanse og ved å ha gode verktøy. Det nasjonale sekretariatet kan med fordel gjera ein del av det arbeidet som no vert gjort i kvar fylkeskommune. På same måte vert kommunane styrka av kvaliteten frå fylkeskommunen. Konkret handlar dette om gode informasjonssystem, fellesløyisingar og tilgang på kompetanse.

Forslag til vedtak:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

1. Rogaland fylkeskommune meiner at Den kulturelle skulesekken skal vidareutviklast i samarbeid med kommunar, kulturinstitusjonar og statlege organ.
2. Rogaland fylkeskommune meiner at Den kulturelle skulesekken er ei kunst- og kulturordning som skal administrerast frå fylkesnivå.
3. Rogaland fylkeskommune meiner at kommunar som disponerer heile beløpet skal rapportera til fylkeskommunen, på lik line med dei andre kommunane, så sant denne ordninga skal halda fram.
4. Rogaland fylkeskommune ber om at ressursen til turnelegging av Rikskonsertane vert overført til fylkeskommunen.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

Liv Fredriksen
fylkesrådmann

Terje Fatland
fylkesdirektør



DET KONGELIGE
KULTUR- OG KIRKEDEPARTEMENT

Likelydende brev til:
Se vedlagte liste over høringsinstanser

ROGALAND FYLKESKOMMUNE FYLKESRADMANNEN	
Sak-doknr.	06/1815-1
15 NOV 2006	
Lopenr.	31244/06
Arkiv:	Arkivkode 01834

Deres ref

Vår ref
2006/00936 KU/KU3 KSR

Dato
09.11.2006

Høring - Evalueringen av Den kulturelle skolesekken

I forbindelse med behandlingen av St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skolesekken* vedtok Stortinget følgende.: "Stortinget ber Regjeringen om å foreta en evaluering av Den kulturelle skolesekken i løpet av våren 2006 og legge denne fram for Stortinget".

På denne bakgrunnen fikk forskningsinstituttet NIFU STEP i oppdrag av Kultur- og kirkedepartementet å evaluere ordningen. Hensikten med evalueringen var å undersøke om ordningen fungerer ut fra målsetningene. Oppdraget til NIFU STEP omfattet både å avdekke eventuelle svakheter av innholdsmessig, organisatorisk, strukturell eller annen art, og å synliggjøre potensial for forbedringer.

NIFU STEP leverte sin evalueringsrapport 8. september 2006. Kultur- og kirkedepartementet sender med dette rapporten på en bred høring til berørte instanser for å få et bedre bilde av hvordan Den kulturelle skolesekken fungerer og hvordan ordningen best kan videreutvikles og styrkes.

Høringsbrevet, listen over høringsinstanser og en lenke til evalueringsrapporten er lagt ut på Kultur- og kirkedepartementets nettsider: <http://www.dep.no/kkd/>.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersg. 59


Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.
972 417 866

Kulturavdelingen
Telefaks
22 24 80 38

Saksbehandler
Kristin Solbjør Folstad
22 24 78 32

Høringsfristen er 1. februar 2007. Vi ber om at alle svarene sendes elektronisk til postmottak@kkd.dep.no.

Med hilsen



Stein Sægrø e.f.
Avdelingsdirektør



Kristin Solbjør Folstad
underdirektør

Høringsinstanser

ABM-utvikling
Agder Teater
Akershus Teater
Arkeologisk museum i Stavanger
Avant Garden
Beaivvas Sami Teater
Bergen Filharmoniske Orkester
Bit 20 ensemble
BIT Teatergarasjen
Black Box Teater
Brageteatret
Center for Afrikansk Kulturformidling
Dans i skolen
Danse- og teatersentrum - Norsk scenekunstbruk
Dansens hus
Den Nationale Scene
Den Norske Forfatterforening
Den Norske Opera
Den Nye Opera
Det Norske Blåseensemble
Det norske teatret
Det Åpne Teater
Drama i skolen
Du store verden!
Fellesrådet for kunstfagene i skolen
Foreningen Les!
Fylkeskommunene
Fylkesmennenes utdanningskontorer
Haugesund Teater
Hedmark Teater
Henie-Onstad Kunstsenter
Hålogaland Teater
Kommunene
Kristiansand Symfoniorkester
KS
Kunnskapsdepartementet
Kunst i skolen
Kunst og design i skolen
Kunstnersentrene
Landslaget for lokal- og privatarkiv
Landslaget for medieundervisning
Landslaget for norskundervisning
Medlemmene i referansegruppa for Den kulturelle skolesekken
Miljøverndepartementet
Museene i det nasjonale museumsnettverket
Musikernes fellesorganisasjon

Musikk i skolen
Nasjonalbiblioteket
Nasjonalmuseet for kunst, design og arkitektur
Nationalteatret
Nordic Black Theatre
Nordland Teater
Norges Museumsforbund
Norsk barnebokinstitutt
Norsk bibliotekforening
Norsk filmforbund
Norsk filminstitutt
Norsk forfattersentrum
Norsk Form
Norsk komponistforening
Norsk Kulturforum
Norsk kulturråd
Norsk kulturskoleråd
Norsk musikkråd
Norsk skuespillerforbund
Norsk teater- og orkesterforening
Norsk teaterråd
Norske barne- og ungdomsforfattere
Norske billedkunstnere
Norske Dansekunstnere
Norske dramatikerers forbund
Norske kunstforeninger
Norske kunsthåndverkere
Nye Carte Blanche
Opera Nordfjord
Opera Vest
Operaen i Kristiansund
Orgdot AS
Oslo Filharmonien
Riksantikvaren
Riksarkivaren
Rikskonsertene
Riksteatret
Ringsakeroperaen
Rogaland Teater
Sametinget
Samiske Forfatterforening
Samiske Kunstneres Forbund
Sogn og Fjordane Teater
Språkrådet
Stavanger Symfoniorkester
Steinvikholm Musikkteater
Stiftinga Bygdemuseet
Stiftinga Hordamuseet
Teater Ibsen
Teatret Vårt

Tromsø Symfoniorkester
Trondheim Symfoniorkester
Trøndelag Teater
Trønderoperaen
Universitetene og høyskolene
Universitetsmuseene
Utdanningsdirektoratet
Utdanningsforbundet
Utmykkingsfondet for offentlige bygg
Vest Norges Opera
Vitensentrene